

## FULLMAKT

---

Informasjon til medlem:

Dersom du ikkje har høve til å møte på ekstraordinært årsmøtet, men ynskjer å nytta røysteretten din, kan du gje fullmakt til ein fullmektig (som ikkje treng vera medlem) som kan røysta på dine vegne. Du fyller då ut fullmakta nedanfor og sender dette brevet med vedkommande.

Underteikna medlem:		..... (signatur)
gjev med dette fullmakt til:		..... (signatur)
til å røysta for mitt medlemsskap på ekstraordinært årsmøte den 6. desember 2022.		

Utdrag frå samvirkelova:

### § 36. Møterett. Fullmektig

(1) Alle medlemmane har rett til å møte i årsmøtet. Ein medlem kan møte ved fullmektig etter eige val, dersom ikkje vedtektene seier at medlemmane ikkje kan møte ved fullmektig. Ingen kan vere fullmektig for meir enn ein medlem, men der fleire har ein medlemskap saman, kan dei ha sams fullmektig. Møteretten kan ikkje avgrensast i vedtektene på anna vis enn det som følgjer av § 37.

(2) Fullmektigen skal leggje fram skriftleg og datert fullmakt. Dersom fullmakta blir lagt fram ved bruk av elektronisk kommunikasjon, skal det vere nytta ein forsvarleg metode for å autentisere avsendaren. Fullmakta gjeld berre for det førstkomande årsmøtet dersom det ikkje går tydeleg fram at noko anna er meint. Medlemmen kan når som helst kalle tilbake fullmakta.

### § 38. Røysterett

(1) Kvar medlem har ei røyst på årsmøtet. Ein medlem kan dessutan røyste som fullmektig for ein annan medlem. Personar som har ein medlemskap saman, kan berre gi ei røyst.